



Sveinung Skjelvik  
Lyngveien 25  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1327 - 17/26404

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
15.09.2017

## Ferdigattest bruksendring - gbnr 185/90 Isdal

**Administrativt vedtak. Saknr: 427/17**

**Tiltakshavar:** Sveinung Skjelvik

**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 07.06.2017.

Det vert elles vist til søknad motteken 31.08.2017.

### Skildring

|                 |                                 |
|-----------------|---------------------------------|
| Adresse:        | Lyngvegen 25                    |
| Bygningstiltak: | Einebustad                      |
| Bygningsnummer: | 176253568                       |
| Bruksareal:     | 154 m <sup>2</sup> (einebustad) |

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel innanfor ei brukseining på gbnr 185/90.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan



fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1327

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakar:**

Sveinung Skjelvik

Lyngveien 25

5914

ISDALSTØ